



Ronny Larsen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

21/1225 - 26 / KTJ

Dato:

30.11.2021

## Invitasjon til synfaring med formannskapet

Sak om «klage på løyve frå Felles Landbrukskontor til landbruksveg - gbnr 131/6 - Fonnes» var oppe i formannskapet torsdag 25. november.

### Handsaminga i formannskapet var som følgjer:

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka, ut i frå sakspapira.

Sakshandsamar Christopher Straumøy viste til at den eine parten har bedt om å få ei vurdering av gildskap for Morten Sognnes (H). Sognnes sjølv orienterte om at han er med i styret i båtforeininga på Fonnes saman med Trygve Gullaksen.

- Straumøy sa at gildskap skal vurderast ikkje berre frå det som er peika på frå parten, men generelt for heile saka.
- Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er heilt tydeleg for han at Sognnes ikkje er ugild i denne saka.
- Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er vanskeleg i formannskap og kommunestyre framover om det er berre mindre ting som skal til for å gjera ein representant ugild.
- Varaordførar Inger-Lise Brekke (H) sa at det er bra at dette blir belyst, og ein må vera merksam på desse sakene om gildskap, men vurderer ikkje at Sognnes er ugild i denne saka.
- Straumøy sa vidare at det også skal tas omsyn til korleis ting vert oppfatta utad, og ikkje berre kva som er innunder når ein automatisk er ugild.
- Gildskap for Morten Sognnes (H) vart vurdert av formannskapet (utan Sognnes), og formannskapet konkluderte med at han er gild i saka.

### Vedtaket i formannskapet var som følgjer:

Formannskapet tok orienteringa til vitande, saka vert handsama vidare 6/12 når det også er planlagt synfaring.

(Synfaringar er vanleg i klagesaker, men var ved ein tabbe ikkje planlagt for denne gongen).

De som får dette brevet er inviterte saman med formannskapet til å delta på synfaringa måndag 6. desember. Formannskapet samlast først på samfunnshuset klokka 09.00. Deretter er det synfaring i starten av møtet, oppmøteplass er på starten av landbruksvegen (søraust), klokka 09.20.

Sjølve den politiske handsaminga av saka skjer etter at formannskapet er tilbake på samfunnshuset. Formannskapet sitt møte er ope for publikum.

Sakspapira til denne saka finn de via kommunen si heimeside, på linken:

[http://innsyn.sing.no/Austrheim/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2021008570&](http://innsyn.sing.no/Austrheim/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2021008570&)

(Kunne ikkje senda alt med her, for det er for mange brev for dei fleste e-post-kontoar).

Med helsing  
Ketil Tjore  
Servicekontoret  
Austrheim kommune

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Kopi til:**

Asbjørn Nagell Toft  
Bjørnar Fjellhaug  
Christopher Marius Straumøy

Helge Dyrkolbotn	LEIKVOLL 4	5943	AUSTRHEIM
Inger Lise Brekke	Mastrevikane 38	5943	AUSTRHEIM
Lise Renate Helle	ERVIKVEGEN 30	5953	FONNES
Morten Sognnes	Austrheimsvegen 102	5953	FONNES
Per Lerøy	Lerøyvegen 156	5943	AUSTRHEIM

**Mottakere:**

Ronny Larsen			
Tore Myklebusthaug	Fonnes 32	5953	FONNES
Øystein Austrheim	Fonnes 70	5953	FONNES